

Høstjazzen på Rosendal Turisthotel lørdag vart ein suksess både når det galt publikumstilstrøyming, og ikkje minst når det galt musikkoppleving.

- Med denne fantastiske musikken burde det vore kø langt nedover Skåla-kaien, uttrykte ein jazz-elskar då stemningen i det nær fullsette lokalet skulle beskrivast.

Jazzverket består i utgangspunktet av ein trio. Det er Lars Storegjerde (tangentar), Stein Haugen(bass) og Torkjell Nerhus (trommer). Alle tre er erfarne og svært dugande musikarar. Denne gangen hadde dei knytt til seg fire venner. To av dei er for riktige ringrevar å rekna i jazzmiljøet. Både tenorsaxofonisten Ole Jakob Hystad frå Stord og pianisten Ivar Baste som nyleg har gjort omvikdeling av seg, har lang erfaring, og har spela med mange store namn innan jazzmiljøet. I tillegg til desse var dei to ungdommane Ananda-Gopi Storegjerde (vokal) og Vegard Døssland (trompet) med på laget lørdag.

Den unge trompetspelende uskedelingen gjev uttrykk for at det er utruleg kjekt, spennande og lærerikt å spela med denne dyktige gjengen.

- Eg blir alltid i godt humør av å spela saman med Jazzverket, enten det er på øving eller konsert, fortel Vegard, som tidlegare har vore med på ein konsert med gruppa på forsommaren.

- Det er ein flott gjeng som er veldig flinke å rettleie og inkludera oss ungdommane. Det er og kjekt og utviklande å få prøva seg innanfor ein sjanger som eg har lite erfaring frå, avsluttar Vegard samstunde som han understrekar at han er mektig imponert over den andre ungdommen på laget, Ananda-Gopi Storegjerde. – Ho har ei flott stemme og må vera komen langt i utvikling til å vera så ung!

Vi er heldige som har ei jazz-gruppe som held så høgt musikalsk nivå i nærmiljøet. Forhåpentlegvis er det ikkje så lenge før dei kan gje publikum nye gode opplevingar.